

Skolehistorisk Årbok for Rogaland 2024

Dette er den siste årboka frå Skolemuseumslaget i Rogaland. Frå 1985 har det kome 37 årbøker i lagets regi – 33 i papirformat og 4 i digital form. Det er publisert skolehistorisk stoff frå 1739 til i dag, men det meste av stoffet er frå tida etter 1985.

Innhaldet i denne årboka dreiar seg for det meste om nåverande styreleiar og redaktør sitt liv og virke. Dei fire første artiklane er relativt lange. Den første gir eit tilbakeblikk på historia til skolemuseumslaget og årboka. Den andre er eit portrett av skolemannen Sigmund Sunnanå. Den tredje er ein artikkel om grunnskolelærerutdanninga i Stavanger frå 1954 til i dag. Den fjerde er ein artikkel om rekruttering til lærarutdanning for grunnskolen som står i *Virke* sin publikasjon om lærarrekruttering som tema. Dei fleste av dei andre artiklane er relativt korte innlegg som har stått i aviser.

Årsmøtet 14. mars 2024 vedtok å leggja ned skolemuseumslaget frå 31. desember 2024. Styret fekk i oppdrag å stå for avviklinga av laget og gi ut den siste årboka. Årsaka til nedlegginga var at det minka på medlemmer, det var minimal nyrekruttering og lite pengar att i kassen. Både styreleiar, redaktør og medlemmene i styret og i redaksjonsnemnda syntest at nok fekk vera nok.

På medlemslista for 2024 har vi 78 medlemmer, 54 av dei har vi e-postadresse til. Mange av medlemmene er ikkje lenger aktive. Rekneskapen for 2023 viser at 36 medlemmer betalte medlemskontingenten dette året.

Statistikken viser at heimesida: www.skolehistorie.no i 2023 hadde 13 406 besøk. Hittil i år har det vore 16 358 besøk. Mange er korte, men det er også nokre som er lange. Dette viser at somme les artiklar og ser i årbøker. Papirutgåva av årboka kom 600 eksemplar. Den digitale utgåva når såleis mange fleire.

Dersom du har spørsmål eller kommentarar, kan du kontakta Marta Gudmestad eller Sigmund Sunnanå, e-post: m-gudmes@online.no, tlf. 91350806. sigmund.sunnana@gmail.com, tlf. 97191891.

Vedlagt er årboka for 2024. Vi håpar at du vil finna noko av interesse. Vi takkar for at du har vore medlem. Utan at nokre trufaste medlemmer har betalt kontingenten, hadde vi ikkje hatt økonomi til å gi ut årbøker heilt til nå.

Med ønskje om ei fin julehelg og alt godt i 2024.

Helsing.

Sigmund Sunnanå.

Marta Gudmestad.